

21. AUGUST - KAI P MOT STALINISMEN

# Sovjet ut av

## Tsjekkoslovakia

Tsjekkoslovakia , 10 år etter den sovjetiske invasjonen: Forfølging og fengsling av den aktive opposisjonen. Ein økonomi styrt av sovjetiske - ikkje tjekkiske behov. Ufrihet og sensur. Politisk likeglade innbyggjarar.

Våren 1968 hadde vanstyret av Tsjekkoslovakia gått for langt. Nye folk kom til makta i kommunistpartiet, og starta reformeringa av landet.

Dei ville bryta med den byråkratiske sovjet-modellen for produksjon og samfunnsstyring. Mandag 21.august er det 10 år sia dette forsøket vart stogga - av sovjetiske tanks.

SOLIDARITETSMØTE I FRITIDSHUSET 21.8. kl 19

## TSJEKKOSLOVAKIA OG STALINISMEN

Dei tsjekkiske og slovakiske kommunistane hadde sterkare stönad enn i andre Øst-Europeiske land då dei overtok makta i 1948.

Men då dei nye makthaverane slutt ikkje staka ut nokon eigin kurs for oppbygginga av landet, kjölna begeistringa.

Den sovjetiske modellen for organisering og produksjon vart ukritisk overtatt. Det førde til ei omlogging av industrien mot tungindustri. Når ein såg kor avhengig denne industrien vart av råvarcimport frå Sovjet, skjönar ein snart kven si interesser industripolitikken skulle tene.

Samstundes med ei økonomisk binding til Sovjetunionen, opplevde dei tsjekkiske folket politisk avdemokratisering av landet, utrensninga av annleis tenkande og oppbygginga av eit sterkt byråkrati.

Som følgje av industripolitikken oppsto varomangl på dei alminnlege forbruksvarane. Klar og mat var det for lite av, og kvaliteten var dårlig.

Utover i 1960- åra ikkje barre stagnerte voksten i levestandarden. Han gjekk i periodar attønde. Leiringa i kommunistpartiet, Novotny i spissen, gaidde ikkje hanskast med dei aukande problema.

Når så demokratiet glimra med sitt fravær, låg alt til rette for framvoksteren av ein opposisjon.

Og opposisjonen kom.

## DEN TSJEKKOSLOVAK ISKE SOSIALISMEN

Alexander Dubcek vart i januar 1968 over-tala til å ta over som førstesekretær i kommunistpartiet. Saman med andre reform-ivrigje gjekk han i gang med å forandre samfunnet.

Sensuren vart avskaffa, retten til å vera usand understroka. Arboidarråd skulle organisera i bedrifter og i kommunar. Bedriftene skulle få stort indre sjölstyre.

Ökonomien skulle loggast om, mellom anna slik at han vart regulert nær etter marknaden - om ein vil ein ökonomi etter sosialdemokratisk mønster.

Mange tiltak vart sett ut i livet denne "Praha-våren", men mange andre vart berra planlagt. Dei fekk ikkje tid til å koma ut i livet før dei russiske krigsmaskinane rulla inn i hovedstaden.

21. august vart og brukta borgarlege og högraorienterte kreftor. For dei er 21. august eit döme på at sosialismen i seg sjöl er valdcløgg og øydeleggande.

I Tsjekkoslovakia mangla elementære borgarlegerettar. Derfor gjekk sosialistar og borgarlege saman. Men dei som sat i leiinga for partiet hadde heile tida eit sosialistisk perspektiv på det dei gjorde.

Dei avviste kapitalismen og ynskte å bygga sin eigen form for eit sosialistisk, folkestyrta samfunn.

## SLUTT PÅ VÅRLÖYSINGA

Sovjet-leiarane likte ikkje utviklinga i Tsjekkoslovakia. Då dei såg faren for å mista ein økonomisk "samarbeidspartner" og ein strategisk posisjon, slo dei til.

Med den råskapen og maktbruk som har prega stalinismen, sette supermakta inn sine militære styrker. Og utan å vera førebudd, hadde Dubcek-regimet ingen sjanse.

Sensuren vart ført inn att. Politiske forfølgingar og utronskingar vart starta, og har vore drive fram til i dag. Framleis er dei som støtta "Praha-våren" for annanrangs borgarar å rekna, og dermed utsatt for yrkesforbod, utdanningsforbod og annan diskriminering.

Den Dubcekske sosialismen hadde nok sifor som norske sosialistar ikkje utan vidare vil seia seg samd med. I dag er det likevel ei stor oppgåve for nettopp sosialistar å markera motstand mot den undertrykkinga som skjer i Tsjekkoslovakia og mot eit styretsett som kan gjera det Sovjet gjorde for 10 år sia.

Vidare må dette Stalin-arva Sovjet granskast slik at ein kan læra av dei feila som er gjort - og ta dei oppgjørda som er naudsynta.

**VELKOMEN TIL SOLID&ritetsmøte, MANDAG 21.8.**

Skolabakken Bokcafe